

## Småkraftverk truer friluftsliv og natur på Vestlandet

Sogn Avis skreiv 5. oktober at Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er positive til bygging av Nundalselvi kraftverk i Årdal i Sogn og Fjordane, medan miljø- og friluftslivsorganisasjonane seier nei. Kraftverket vil redusere vassføringa i elva på ein 2170 meter lang strekning, og inntaksdam, røyrgate, kraftstasjon, tilkomstveg og ny kraftline vil føre til naturinngrep.

Det er verdt å merke seg at Fylkesmannen frårår sterkt utbygginga, og peikar på at dei mest lønsame og minst konfliktfylte vasskraftprosjekta allereie er realisert. Nye prosjekter vil føre til inngrep i verdifulle natur- og friluftsområde, og uvurderlege naturverdiar for allmenta kan gå tapt. Norsk Friluftsliv finn det vanskeleg å forstå at fylkesutvalet i Sogn og Fjordane kan meine at fordelene ved ein eventuell utbygging er større enn ulempene.

*Evt (I tillegg gjer ei samla vurdering av alle utbygde og omsøkte vassdrag i Årdal kommune denne utbygginga svært konfliktfull. Det må tyda på at det utelukkande er lagt vekt på økonomisk lønsemd ved gjennomføring av prosjektet. Heldigvis skal dette avgjerast av NVE, ein statleg mynde. Norske kommunar bør tenke meir berekraftige løysingar i sin næringspolitikk, og ta vare på verdfulle natur- og friluftsområde også for våre etterkommarar. Årdal formannskap sa ja til utbygging før valet. Nå venter NVE på den endelege uttalen frå Årdal kommune til etter kommunestyremøtet den 22. oktober, der det truleg vert eit nei.)*

I følgje Elisabeth Dahle i Forum for natur og friluftsliv kan det raskt verte svært få urørte elver igjen på Vestlandet. Dette er dessverre ei kjensgjerning som gjeld for heile landet. Etter røyrlegging og regulering av dei største vassdraga gjer no eit stort tal sokalla «småkraftverk» i mange mindre elvar at enda fleire viktige landskapsområde vert forringa og biologisk mangfald går tapt. Elvene er naturen sine «blodårer». Øydelegg vi desse får det negativ effekt både på økosystem og friluftsliv.

Det overrasker oss at mange som vil pøse på med nye kraftverk også ønskjer levende bygder og lokalsamfunn som er attraktive for turisme og reiseliv. Turisme gir vesentlege bidrag til oppretthaldinga av mange lokalsamfunn. Men nettopp reiselivet strekar under at det er den urørte naturen som trekk turistar til Norge.

### Billigare alternativ

Nasjonalt diskuterer ein også om vi har trong for krafta frå småkraftverka. Det finnes faktisk eit billigare alternativ med vel så store vinster: energisparing! Undersøkingar har vist at det er eit enormt potensial i å effektivisere eksisterande kraftverk og å sløse mindre med strøm i bedrifter og hushald. Sparing øydelegg heller ikkje natur. Men kraftprodusentar og utbyggarar er ikkje forkjemparar for store energisparande tiltak sidan det jo nettopp er det store forbruket dei lever av. I tillegg har ordninga med dei sokalla «grøne sertifikata» gjort det meir attraktivt for kraftprodusentar å fokusere på nybygging enn på vinst av energieffektivisering.

### Natur mot kroner og kilowatt

Det er viktig at det nasjonalt er fellesskapet sine interesser som styrer energipolitikken i Norge, og at naturen sin eigenverdi og opplevingsverdi gis større verdi. Naturen kan ikkje og bør ikkje berre målast i kroner og kilowatt. Biomangfald og naturoppleving må ikkje ofrast for raske pengar og irreversible naturinngrep.

**Norsk Friluftsliv meiner Norge treng ein restriktiv småkraft-politikk og at nye prosjekt avgrensast, med mindre det er svært tungtvegande grunner som tener heile lokalsamfunnet i eit lengre tidsperspektiv og kan utvikle samfunnet generelt i ein meir berekraftig retning.**

Lasse Heimdal, Generalsekretær i Norsk Friluftsliv